

Ordensreglement for Nærø ungdomsskule



Hå kommune



Innhaldsliste

1. Innleiing.....	2
Ein trygg skule for alle.....	2
Føremål.....	2
Virkeområde.....	2
2. Reglar om orden og åtferd.....	3
Reglar om orden.....	3
Reglar om åtferd.....	4
3. Tiltak og sanksjonar ved brot på ordensreglementet.....	4
Generelle sanksjonar.....	4
Ved manglande innleveriong og fusk.....	5
Ved tjuveri, hærverk eller anna øydelegging.....	6
4. Krav om erstatning.....	6
5. Melding til politiet.....	6
6. Undersøkingar	6
7. Nødverje	6
8. Reglar for sakshandsaming ved sanksjonar	7
9. Heimel	7
10. Iverksetjing.....	7



1. Innleiing

Ein trygg skule for alle

Å føle tryggleik er ein grunnleggjande og viktig føresetnad for både trivsel og læring. Nærø ungdomsskule skal arbeide for at alle skulens elever har ein kvar dag der dei blir tatt på alvor og føler seg trygge. Skulen skal ha eit planlagt samarbeid med heimen for å trygge elevane s trivsel og læring. Dette inneber ei opplæring der både skule og heim har ansvar for å medverke til eit godt elevmiljø og læringsmiljø.

Elevane på skulen skal medverke til eit godt læringsmiljø gjennom klasseråd, elevråd og SMSU, og dei skal medverke til val av metodar og andre høve rundt eigen læring. Skulen er ansvarleg for at elevane har naudsynt utstyr og arbeidstilhøve, og at dei får ei relevant opplæring og vurdering som er i samsvar med gjeldande læreplan og Opplæringslova.

I denne samanhengen er ordensreglementet eit viktig dokument som skaper ei ramme for korleis me skal ha det på skulen. Dette er nærmere omtalt under føremål.

Føremål

Ordensreglementet skal leggja grunnlag for mest mogleg lik behandling av alle elevane på området som er viktige for dei og for skulesamfunnet sett under eitt.

Reglementet skal hjelpe til å gjera det klart kva for plikter og rettar elevane har, og skal gjera det lettare for elevane å ta ansvar for seg sjølv. Elevane skal og kunna kjenna seg trygge på at det ikkje vert gjort negative vedtak mot dei på anna grunnlag enn det som ordensreglane heimlar.

Ordensreglane skal fremja samarbeid, tryggleik, trivsel, respekt og medansvar for alle på skulen.

Virkeområde

Skulen har ansvar for elevane når det er på skulen, anten dei er i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar med meir der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, utanfor skulebygningen, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stadar enn på skulen sitt område.

Ordensreglementet gjeld altså når skulen har ansvar for elevane.

2. Reglar om orden og åtferd

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er, og korleis det vert utvikla.

Elevane skal kunna forventa at skulen gir hjelpe, støtte og rettleiing. Alle skal møtast med tillit og respekt. Elevane skal ha jamleg tilbakemelding på eiga læring og utvikling, vurdering med og utan karakter. Dei skal vera aktivt med i opplæringa.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og visa god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter ein skal følgja.

Reglar om orden

Elevene skal ha god orden. Det er god orden å...



- møta presist på skulen og til undervisninga.
- ha med nødvendige læremiddel/ utstyr og leggja lånt utstyr tilbake.
- gjera arbeid man blir pålagt, og til rett tid.
- vera på skulen sitt område.
- ha opplada chromebook/pc om morgonen og berre nytta han til skulearbeid.
- halda klasseromma og skuleområdet i orden og kjeldesortera søppel.
- levere inn mobilten på mobilhotell, avslått eller i flymodus (mobilregelen).
- berre nytte mobiltelefon etter avtale med lærar.
- parkera sykkelen på tilvist plass.
- ta vare på bygningar og anna utstyr på skulen.
- dokumentere fråvær.
- ta av ytterklede og hovudplagg, og hengje dette på tilvist plass.
- eta i friminutta (det er ikkje tillat med energidrikk/brus eller snop).

Hugs! I timane er det berre lov å drikka vatn og eta tildelt frukt.

Reglar om åtferd

Elevene skal vise god åtferd. Det er god åtferd å...

- vera hyggeleg og høfleg mot kvarandre, og ikkje mobba/knuffe eller på annan måte krenkja andre fysisk, verbalt eller digitalt
- snakka fint og ikkje banna eller bruka anna grovt språk
- visa respekt for skulen og andre sine eigedelar
- ikkje røyke, snuse, bruke e-sigarett eller vera påverka av nokon form for rusmiddel
- Ikkje oppbevare tobakk, snus og andre rusmiddel på skulen
- ikkje ha med farlege gjenstandar på skulen sitt område
- vere ærleg og til dømes ikkje lyga eller fuska på prøvar eller innleveringar
- vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- retta seg etter beskjedar og reglar på skulen
- ha arbeidsro på skulen
- bry seg om medelevar og gje beskjed om nokon ikkje har det bra



3. Tiltak og sanksjonar ved brot på ordensreglementet

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagera på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg høve til kva brot som er gjort på ordensreglane. Tiltak bør koma så nært regelbrot i tid som mogleg. Dersom mogleg skal elev gjevast høve til å gjera opp for seg.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan sanksjonerast etter reglane i dette kapittelet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Fysisk refsing og annan krenkjande handling må ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask og/eller reperasjonar etter seg sjølv eller andre.

Generelle sanksjonar

- Reaksjon frå personalet på skulen, t.d. tilsnakk, parade, sitje att etter skuletid.
- Merknad i orden eller åtferd, eventuelt nedsett karakter i orden eller åtferd.

- Melding heim (telefon, e-post, brev).
- Møte mellom tilsette, elev, føresette og eventuelt andre.
- Elevar som bryt mobilregelen, skal levere inn mobilen på mobilhotell.
- Brot på nettverksreglar eller reglar for bruk av datautstyr kan, i ein periode, medføre utesenging for bruk av skulen sitt datautstyr.
- Inndraging av ting det ikkje er lov å ha, eller som vert misbrukt i skuletida.
- Foreldre/føresette og eventuelt politi vert tilkalla om eleven ikkje vil rette seg etter ordensreglementet.
- Omplassering frå t.d. skulen, timer, område, ekskursjonar, turar og andre arrangement i regi av skulen. Dette skal avklarast/følgjast opp mellom skule, føresette, elev og eventuelt skulesjefen.
- Elevar som bryt ordensreglementet kan bortvisast frå undervisninga i inntil tre dagar jfr. opplæringslova § 9A-11 første og tredje ledd.
- Skulen kan etter skjønn melde alvorlege episodar til politiet.

Ved manglande innlevering og fusk

- Ved manglande innlevering får eleven ordensmerknad, og føresette vert informerte. Eleven får ny frist for innlevering (til vanleg neste dag). Manglande innlevering etter ny tidsfrist gjer IV (ikkje vurderingsgrunnlag).
- Ved fusk på prøvar får eleven merknad på åtferd og IV på prøven.
- Ved fusk (plagiat) på innleveringar får eleven merknad på åtferd, og føresette vert informert. Eleven får ny frist for innlevering (til vanleg neste dag). Manglande innlevering etter ny tidsfrist gjer IV (ikkje vurderingsgrunnlag).

Elev og føresette skal varslast skriftleg om faren for å ikkje få terminkarakter. Varslelet skal leverast tidsnok til at eleven likevel kan få vurderingsgrunnlag.



Ved tjuveri, hærverk eller anna øydelegging

- Elevar som gjer hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetra skader når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnader for å klare.
- Ved tjuveri, hærverk og anna øydelegging kan eleven og/eller føresette og verta økonomisk erstatningsansvarlege etter erstatningsrettslege reglar.
Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og utstyr.

4. Krav om erstatning

Ved krav om erstatning kan føresette verta erstatningsansvarlege for skade voldt forsetteleg eller uaktsamt av deira barn med inntil kr. 5000,- for kvar enkel skade, jfr. Lov om skadeerstatning §1-2. I tråd med erklæring om foreldresamtykke gitt i Visma flyt skule, gjeld dette og utstyr som er teke med heim, til dømes Chromebook eller PC.

5. Melding til politiet

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, til dømes vald, tjuveri, skade på skulen sin eigedom, kan skulen be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg samstundes med at det er teke kontakt med politiet. Føresette skal varslast skriftleg om at det er teke kontakt med politiet.

Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som er utsett for forholdet – den som er fornærma.

6. Undersøkingar

Ved grunn til mistanke om brot av reglar knyt til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmidlar og tobakk, kan skulen sin leiing gjennomføra undersøkingar i garderobe-skap og bokskap som elevane disponerer. Skulen kan og be føresette om løyve til å gjennomføra kontroll av lommer i klede, sekker ol. Om mogleg skal føresette til elevar gjevast høve til å vera tilstades ved eventuell kontroll.

7. Nødverje

Skulen sitt personale har ein særleg plikt for omsorg for elevane på skulen. Personalet vil difor ikkje berre ha rett, men også plikt til gripa inn for å hindra at elevar skadar eller plagar andre elevar eller skadar seg sjølv eller skulen sin eigedom. Straffeloven 2005 § 18 og 1902 § 48 om naudrett og naudverje gjer ein opning for at skulen sitt personale kan nytta fysisk makt til å stoppa elevar som sloss, hindra at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verja seg mot elevar som opptrer truande eller voldeleg. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melda frå til rektor og til foreldre/føresette.

8. Reglar for sakshandsaming ved sanksjonar

Avgjerder om følgjande sanksjonar skal alltid nedfellast i form av enkeltvedtak:
Utvisning, skulebytte, og tiltak som omhandlar det psykososiale miljøet jfr.
Opplæringslova § 9 A-4.

9. Heimel


Hovudutval for undervisning har gitt fylgjande forskrift om ordensreglement for skulane i Hå:

- a) Skulane i Hå skal ha ordensreglement som ivareteke omsynet til rettar og plikter for elevane i skulen jfr. Opplæringslova § 9 A-10.
- b) Alle rådsorgana på skulen skal delta i utforminga av ordensreglane.
- c) I ordensreglementet skal skulane ha med avsnitt om:
 - Tryggleik for elevane jfr. Opplæringslova § 9 A-2.
 - Rett til vurdering jfr. Opplæringslova § 2-3.
 - Utstyr og arbeidstilhøve for elevane jfr. Opplæringslova kap.9.
 - Bortvising/ refsingstiltak jfr. Opplæringslova § 9 A-11,12 og 13.
- d) Ordensreglane skal skrivast i eit språk som er lett å forstå for elevane.
- e) Framlegg til ordensreglement skal godkjennast av hovudutval for undervisning.



10. Iverksetjing

Ordensreglementet trer i kraft etter vedtak i SU den 13.03.2019.



Jan Ove Tobiassen
rektor v. Nærø ungdomsskule
13.03-2019